



Mudring, dumping og utfylling i sjø og vassdrag

Rettleiar til søkjarar

Innleiing

Mudring, dumping og utfylling er aktivitetar som kan påverke det akvatiske miljøet. Tiltaka kan medføre miljølemper som at miljøgifter, slam og partiklar frå sjøbotnen virvlast opp og spreia, at strandsona slammast ned, at det spreia avfall som til dømes sprengtråd, eller at naturmangfaldet i området vert forstyrra eller skada. Tiltaka kan også medføre skadar på kulturminne eller tekniske installasjonar på sjøbotnen. I hovudregelen krevjar slike tiltak løyve frå miljøvernavingdelinga til Statsforvaltaren. Det kan òg vere naudsynt med løyve frå andre myndigheiter, som til dømes kommunen.

Denne rettleiaren litt informasjon om miljørisiko, lovverk, søknadsprosess, saksgong og liknande ved søknad om og gjennomføring av tiltak i sjø. Statsforvaltaren sitt søknadsskjema må alltid fyllast ut og leggest ved når det søkast om løyve til slike tiltak. Skjemaet kan lastast ned her:

<https://www.fylkesmannen.no/More-og-Romsdal/Miljo-og-klima/Forureining/Navigering-Forureining/Rettleiing-for-bransjar-og-aktivitetar/mudring-dumping-og-utfylling2/>.

På nettsida over er det òg lenkjer til rettleiarane til Miljødirektoratet for handsaming og risikovurdering av forureina sediment. I desse finnast utfyllande informasjon om krav til miljøundersøkingar, prøvetaking og liknande. Måledata må registrerast i databasen *Vannmiljø* (sjå seinare avsnitt).

Lovgrunnlag ved mudring, dumping og utfylling

Etter søknad kan forureiningsmyndigheita gjeve løyve etter **forureiningslova § 11** til tiltak som kan medføre forureining. Forureiningsmyndigheita kan sette vilkår etter § 16 i den same lova.

https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1981-03-13-6/KAPITTEL_3#§11

Mudring og dumping i sjø og vassdrag er forbode, men etter søknad kan det gjevast løyve i medhald av **forureiningsforskrifta kap. 22**: https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2004-06-01-931/KAPITTEL_7-4#§22-1

Tiltak som kan påverke naturmangfaldet vil verte vurdert etter **naturmangfaldlova § 8-12**.

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2009-06-19-100>

Begrep og typar tiltak

Mudring: Mudring er i forureiningsforskrifta kap. 22 definert som ei kvar forsettleg flytting av massar på sjøbotnen som utførast frå sjøgåande fartøy. Oppvirvling i tilknytning til vanleg skipstrafikk reknast ikkje med. Mudring er forbode, men det kan gjevast løyve etter søknad.

Dumping: Dumping er i forureiningsforskrifta kap. 22 definert som ei kvar forsettleg disponering av avfall eller anna materiale i sjø eller vassdrag med det formål å bringe det av vegen. Dumping er forbode, men det kan gjevast løyve etter søknad. Sjå forskrifta for unntak der dumping er lov utan løyve.

Utfylling: Utlegging av massar i sjø for nyttige formål, som til dømes utviding av eit industriareal eller bygging av molo. Det kan berre nyttast massar som er reine og eigna til formålet. Utfylling kan i nokre tilfelle betraktast som nyttiggjering av avfall, men ein får ikkje løyve til utfylling dersom hovudformålet er å verte kvitt massar. Merk at utfylling ikkje er regulert av forureiningsforskrifta, men likevel som regel krevjar løyve etter forureiningslova § 11, då slike tiltak generelt medfører risiko for spreiding av partiklar og miljøgifter eller skadar på naturmiljøet.

Sprenging og pæling: Dette er aktivitetar som kan medføre vesentleg spreiding av miljøgifter og partiklar. Trykkbølgjer frå desse aktivitetane, spesielt sprenginga, kan føre til at dyrelivet i sjøen vert forstyrra langt unna tiltaksområdet. I søknaden om tiltak i sjø må det nemnast dersom tiltaka det søkjast om omfattar sprenging eller pæling.

Næringsavfall: Muddermassar er normalt å betrakte som næringsavfall, jf. forureiningslova § 32. Den som produserer næringsavfall, skal i hovudregelen sørge for at det vert frakta til eit lovleg avfallsanlegg eller gjennomgår gjenvinning/gjenbruk der det erstattar materialar som elles ville ha vorte nytta. Muddermassar kan ofte ha eit vesentleg innhald av miljøgifter, og for forureina muddermassar finnast det ofte ingen anna forsvarleg disponering enn levering til godkjend deponi.

Undersøkingar før tiltak

Statsforvaltaren sitt vedtak skal bygge på eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag. Statsforvaltaren kan krevje at det gjennomførast kartlegging av naturverdiar og innhaldet av miljøgifter i sediment i tiltaksområdet. Omfanget av undersøkingar som krevjast vil variere med storleiken og lokaliseringa til tiltaket. Som hovudregel er det krav om prøvetaking av sediment. I rettleiaren til Miljødirektoratet finnast det mellom anna retningslinjer for kor tett det skal takast prøvar. Miljørapport leggjast ved søknaden.

I sakar der kunnskapsgrunnlaget er mangelfullt kan det vere naudsynt å nytte føre-var-prinsippet (jf. naturmangfaldlova § 9).

Andre lovverk og myndigheiter

For at forureiningsmyndigheita skal kunne gjeve løyve til tiltak i sjø, må tiltaket vere i tråd med gjeldande **reguleringsplan** for det aktuelle området, eller eventuelt må det vere gjeve ein **dispensasjon** frå denne. Reguleringsplan og dispensasjon handsamast av kommunen.

Tiltak i sjø krevjar som regel løyve etter **plan- og bygningslova**. Her er det òg kommunen som er myndigheit.

Ofte vil tiltak i sjø òg krevje løyve frå hamnemyndigheita etter **hamne- og farvasslova**. Formålet med denne er mellom anna å sikre at ikkje trafikken på sjøen vert hindra. Myndigheita er enten Kystverket eller kommunen, avhengig av kor tiltaket skal utførast.

Tiltak som skal utførast i ferskvatn eller vassdrag skal vurderast av Vassdrags- og energidirektoratet (NVE) etter **vassressurslova**.

Tiltaket må vurderast etter **kulturminnelova** for å sikre at undersjøiske kulturminne, som båtvrak, keramikk eller liknande, ikkje skadast av tiltaket. Myndigheit er Bergen Sjøfartsmuseum på Sunnmøre og NTNU Vitenskapsmuseet i Romsdal og på Nordmøre.

Ved søknad til Statsforvaltaren må eventuelle andre løyve som allereie er på plass leggst ved. Reguleringsstatus må skildrast i søknadsskjemaet.

Tiltakshavar har ansvaret for at alle naudsynte løyve hentast inn før tiltaket gjennomførast!

Høyring og sakshandsamingstid

Søknaden må innehalde utfylt søknadsskjema, kartvedlegg og skildring av tiltaket. Relevante miljørapportar og eventuelle uttaler eller løyve frå andre instansar eller interessentar må òg leggst ved.

Når komplett søknad er mottatt, vil Statsforvaltaren starte høyring av søknaden. Høyringstida er normalt på 4 veker. Statsforvaltaren kunngjer søknaden på nettsida si og sender kopi av søknaden til relevante høyringspartar dersom dette ikkje allereie er gjort. Som regel vert søknaden også kunngjort i lokalavisa for regionen der tiltaket skal utførast (søkjaren belastast for annonsen).

Sakshandsamingstid etter avslutta høyring vil kunne variere frå eit par veker til nokre månader avhengig av kompleksiteten til saka, eventuelle høyringsinnspel og kapasiteten hos Statsforvaltaren.

Det anbefalast å søkje i god tid før tiltaket ynskast gjennomført.

Når løyve er gjeve, vil dette verte kunngjort på nettsidene til Statsforvaltaren. Det vil som regel òg verte stilt krav om at tiltakshavar skal sørge for kunngjering av løyvet i lokalavisa.

Sakshandsamingsgebyr

Søkjaren må betale eit sakshandsamingsgebyr, jf. forureiningsforskrifta kap. 39. Storleiken til gebyret kjem an på ressursbruken til Statsforvaltaren ved handsaminga av søknaden. Søkjaren vil verte varsla om gebyrsats og kronebeløp tidleg i prosessen.

Avfall i utfyllingsmassar

Sprengsteinmassar inneheld ofte restar av sprengtråd og anna avfall som kan spreie seg i naturmiljøet ved utfylling. Slikt avfall kan forsøple strandsona langt unna tiltaksområdet, og vil med tida også kunne gjeve opphav til mikroplast.

I søknadsskjemaet må det opplysast om kva type massar som skal nyttast til utfyllinga, og det må skrivast kva tiltak som skal gjerast for å unngå at avfall spreiest under tiltaket. Aktuelle tiltak kan vere å plukke ut avfallet frå massane før utfylling eller å nytte lense med skjørt under arbeidet.

Betong som utfyllingsmasse

Dersom det er planlagt å nytte betong ved utfylling i sjø, må det opplysast om dette i søknaden. Det må vere tatt representative prøvar av betongen, og rapport med analysar må vere vedlagt søknaden. For at betong skal kunne nyttast, må den tilfredsstillе visse krav. Sjå følgjande faktaark for nærare informasjon:

<https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/M14/M14.pdf>

Vilkår og avbøtande tiltak

Statsforvaltaren kan sette vilkår i løyvet for å sikre at tiltaket gjennomførast på ein måte som reduserer miljølempa, jf. forureiningslova § 16. Kva avbøtande tiltak som er naudsynte vil verte vurdert i den enkelte saka. Her følgjer nokre typiske eksempel på vilkår som Statsforvaltaren kan sette i løyvet:

Tidsperiode: Ofte vil det krevjast at tiltaksarbeid ikkje skal utførast i ein bestemt periode på året dersom dette vurderast å vere naudsynt av omsyn til gytande fisk, hekkande fugl, eller liknande. Generelt kan det ofte vere fordelaktig å legge tiltak i sjø til vinterhalvåret, då dette er perioden då livet i kystsona er mest i ro.

Overvaking: Som regel krevjast det overvaking av tiltaket, ofte ved måling av turbiditet i vassmassane. Dette skal sikre at partikkelspreiinga under tiltaket ikkje vert uakseptabelt høg. Ved nokre tiltak kan det vere tilstrekkeleg med visuell overvaking.

Tildekking før utfylling: Dersom sjøbotnen er vesentleg forureina, krevjast det ofte at den dekkast til med eit lag med finare massar (sand, grus) før utfylling med sprengstein. Dette skal redusere mengda miljøgifter som virvlast opp og spreiaast.

Siltgardin: I nokre sakar kan det vere aktuelt å redusere spreinga av partiklar og miljøgifter ved å sette opp eit siltgardin.

Sjeté (molo): Ved utfylling kan det ofte vere hensiktsmessig å fyrst etablere ein sjeté i utkanten av tiltaksområdet, for deretter å gjennomføre vidare utfylling i bassenget innanfor sjetéen. Dette vil sikre at mengda partiklar og eventuelt miljøgifter som spreiaast til sjøområda i nærleiken vert redusert.

Forsiktige tiltaksmetodar: Forsiktige tiltaksmetodar kan til dømes vere å leggje ut utfyllingsmassane med grabb i staden for å dumpe dei eller å nytte lukka miljøgrabb ved mudring.

Boblegardin: Ved sprenging i sjø kan det ofte vere hensiktsmessig å sette opp eit boblegardin som skal redusere trykkbølgjene i ei bestemt retning.

Statsforvaltaren vil kunne kome på tilsyn for å kontrollere at vilkåra i løyvet vert følgd opp under arbeidet.

Registrering av måledata i databasen *Vannmiljø*

Vannmiljø er myndighetenes nettbaserte system for registrering og analyse av miljøtilstanda i vatn. Myndighetene ynskjer at alle målingar av miljøgiftnivå og liknande som utførast i vatn og sediment registrerast i denne databasen.

Dersom det er utført prøvetaking i sediment eller andre analysar i tilknytning til søknad om tiltak i sjø, må tiltakshavar sørge for at måledata registrerast i databasen. I løyvet vil Statsforvaltaren sette ein frist for når dette skal vere utført.

Data skal leverast i importformatet til databasen. I databasen finnast ei oversikt over kva parameter som skal registrerast. Eit konsulentfirma med miljøkompetanse kan utføre registrering i *Vannmiljø* for tiltakshavar. Databasen er tilgjengeleg på følgjande nettadresse:

<https://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>

Sluttrapport

Statsforvaltaren krevjar alltid at det sendast inn ein sluttrapport når tiltaka er utført. Denne skal gjeve ei kortfatta skildring av utført tiltaksarbeid, avbøtande tiltak som vart utført for å redusere miljøulempene og eventuelle avvik eller uønskete hendingar.